

Til NVE  
[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

### **Høyringsuttale om nasjonal ramme for vindkraft fra Raudt Sogn og Fjordane**

OED har gitt NVE i oppdrag å leie arbeidet med ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Dette inkluderer eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og utpeiking av dei mest eigna områda for vindkraft på land. I vårt fylke gjeld dette områda 7, 18, 19 og 20.

I område 18, som omfattar kommunane Gulen, Lindås, Masfjorden og Modalen, har selskapet Norsk Wind AS planar om å byggje meir enn 100 vindturbinar i området kring Romarheimsdalen. Politikarane i plan- og miljøutvalet i Lindås har bedt om at dei aktuelle områda blir tatt ut av den nasjonale ramma for vindkraft. Raudt står deira krav og set vår lit til at mange fleire lokalpolitikarar, bygder og organisasjonar går mot NVE sine planar om ei storstilt satsing på vindkraft på land.

Utbygging av vindkraft er avhengig av store subsidiar, ved at norske forbrukarar betalar for el-sertifikat over straumrekninga. Denne ordninga vil bli avslutta i 2021 for nye anlegg, men vil halde fram for anlegg i drift i 15 år til. Vindkraft vore ei dårlig investering for norske kraftselskap og har ført til store tap. All ny vindindustri blir no 100% finansiert av utanlandsk kapital, noko som inneber eit storstilt sal av Noreg og nedbygging av norsk natur.

Vindkraftbransjen påstår at vindkraft snart vil bli lønsam utan subsidiar. Men då kan dei ikkje ha tatt med alle dei negative miljøpåverknadane utbygging av vindkraft medfører. I eit samfunnsøkonomisk og miljømessig perspektiv, er utbygging av vindkraft svært ulønsamt. Det er nok å nemne støyplage, store naturområde blir "raserte" med vegar og masseyllingar, tap av økosystem og dei nye turbinane med ei høgde på godt over 100 m, vil vere svært synlege over store område.

Eit grelt døme på dette er Guleslettene vindkraft, der Flora kommunestyre sa i 2011 ja til utbygging med 22 mot 13 røyster; 48 turbinar med total høgde på 125 meter. I ettertid gjer vindkraftselskapet Zephyr store endringar i planane og aukar totalhøgda på turbinane til 160 m, meir enn 3 gongar høgda på rådhuset i Bergen. Og det skal byggast om lag 4 mil med vegar mellom turbinane. NVE godkjenner dei nye planane utan at Flora kommune får kome med tilsvarende, og det er ikkje rart at lokalpolitikarane føler seg lurte. Vindkraftverket er no kjøpt opp av Blackrock, eit av verdas største investeringsselskap, og krafta dei første 15 åra er seld til aluminiumsselskapet Alcoa.

Raudt går mot all ny utbygging av vindkraft i Noreg og håpar at prosjekta blir så ulønsame at dei 100 konsesjonane som er gitt våren 2018 aldri vil bli utbygde og at det ikkje vil bli gitt nye konsesjonar. Raudt meiner at den samla energibruken i Noreg må reduserast – subsidiært at behovet for meir kraft bør dekkast gjennom energiøkonomisering.

Med helsing  
Raudt Sogn og Fjordane

*Ingunn Kandal*  
Ingunn Kandal, fylkesleiar

**Raudt Sogn og Fjordane**

Boks 171

6991 HØYANGER

<http://raudt.no/sfj>

Leiaren sin heimetlf.: 57 71 25 90

Leiaren sin mobiltlf.: 464 77 723

E.post: [inkan@online.no](mailto:inkan@online.no)

Blogg: